



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 1

2018

ÅRGANG 33



FOTO: Svein Aasen ©



FOTO: Svein Aasen ©

90ande klubbefesten

-eit trippel jubileum! Sjå sidene 4-6



FOTO: Svein Aasen ©

Dafinn Aa har også runda år.

Leiaren – vel møtt til eit nytt lagsår!

Gode medlemmar!

De er alle hjarteleg velkomne til eit nytt år – 2018 – i Sogn og Fjordanelaget. Andre stader i avisa kan de lese om hendingar ... tilskipingar i året som var, og spesielt om Klubbefesten, som var høgdepunktet.

Vi vil svært gjerne halde fram med å samlast i hyggeleg lag, anten det er i Bygdelagshuset eller på hyttene. Sidan det snart er årsmøte i laget, er tida no igjen inne for å diskutere og bestemme

dei store linjene i lagsarbeidet. Difor oppmodar eg alle til å komme på møtet, for dette er viktig. Kva ønskjer du at laget skal drive med? Og korleis? Og kva tenkjer du om di rolle?

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo vert **torsdag 15. februar kl. 19.00** på møterommet i Nordahl Bruns g. 22.

Vel møtt!

Agnar Kvellestad
(leiar)

Fortent feiring: **Dagfinn Aa runda sytti!**

På leikøvinga i Sogn og Fjordanelaget 23. januar vart rettleiar Dagfinn Aa gjort ære på og vel fortent feira – han fylte 70 nett den dagen!

Kven skulle tru han er så oppi åra, sprek og ungdommeleg som han er... Og når vi nemner noko av alt han har gjort for laget og ringen i meir enn ein mannsalder, er det halvt utruleg.

Dagfinn i ringen

Dagfinn kom med i ringen i 1973. Det var Bjarne Hestenes som fekk han med for å hjelpe Nordfjordlaget til eit godt resultat – i friidrett i fyrste omgang.



FOTO: Svein Aasen ©

Dagfinn blei med på kurs for nybegynnarar om lag med ein gong. Han sat i styret 1974–1977, som formann i 1976 og 1977, og gjekk leikleiarkurs i 1981 og 83.



TOK KAKA: Folk let seg be – minst to gonger, og tok kaka, konfekt og frukt og feira rettleiar Dagfinn, som også fekk gode ord frå leiar Finn Stafsnes i ringen og nestleiar i laget, Anny Sollid – vel fortent.

Dagfinn var rettleiar i ringen periodane 1981–82, 83–85, 90–92 og hausten 93. Han har vore fast rettleiar frå 1997, om ikkje heilt åleine, så har Dagfinn stått for det aller meste! Faktisk over 20 år!

Dessutan har han halde mange kurs: begynnarkurs i gammaldans, svenske polskor (Boda- og Bingsjö-polska) og vestlandsspringar – med mykje meir.

Vi har ikkje vore i stand til å finne noka oversikt som er nær komplett.

På Folkedanskveldane som ringen har ansvar for, har Dagfinn ofte leia ei økt med turdans og ei med songdans.

I tillegg til å vere ein god rettleiar, er Dagfinn også ein framifrå dansar og har vore med på tallause framsyningar og utlandsturar med ringen i tre-fire tiår.

Dagfinn var òg med på å skrive sogeboka til ringen sitt 50-årsjubileum i 2004. Det var også han som tok initiativ til å starte arbeidet med boka.

Vi trur ikkje vi tek for sterkt i når vi seier at ingen har ofra meir tid og lagt ned større innsats for ringen enn Dagfinn, nokosinne. Han vart æresmedlem i ringen i 2004 og har halde på like trutt!

Dagfinn i laget

Og ikkje nok med det; han har gjort eit ubetaleleg (og ubetalt!) arbeid i laget like lenge; som hytteansvarleg på Nordfjordhytta i årevis, der han har halde hytta og området i stand og fått folk med på dugnader, rekeparty, ostelag og anna. Han har sjølv sagt sete i hyttestyret i Sogn og Fjordanelaget i årevis.

TAKKA: Sist tok jubilaranten sjølv ordet og takka for gode ord og merksemd – og ikkje minst for samveret i ringen i alle desse åra. Før han drog i gang siste økta for kvelden...



Den andre store jobben han har gjort i laget, er innsatsen på lagskjøkenet heile dagen og halve natta på klubbefestane i nesten tretti år, dei siste femten i spissen for kjøkengjengen sitt store og gode arbeid med festmaten vår, klubb!

Dagfinn har også sete nokre år i styret i BLS, som leiar i to-tre av dei, m.a. då NU-stemna var i Oslo i 1983.

EIN VERDIG JUBILANT: Samla trur vi trygt vi kan seie at ingen andre har lagt ned eit større og meir trufast arbeid for Sogn og Fjordaneringen og -laget enn Dagfinn Aa. Gratulerer med dagen som var og lukke med åra som kjem!

TEKST: Anny, Finn og Alv Reidar på vegner av laget og ringen

Jubileumsfesten – den 90^{ande} klubbefesten vart ein suksess

TEKST: Alv Reidar Dale

FOTO: Svein Aasen ©

Laurdag 4. november heldt Sogn og Fjordanelaget den 90. klubbefesten. Om lag 140 folk var sessa langs dei festpynta borda i Storsalen. Dessutan fylte sjølve laget, slege saman av gamle Nordfjordlaget – der klubbefesten opphavleg hørde heime –, Sunnfjordlaget og Sognelaget i 1987, sine 30 år. Og dei langvegsfarande spelmennene og -kvinnene i Austrheim Musikklag frå Gloppen runda heile 100 år! Og så fann me ut at me har hatt steinmale byggmøl frå Ulvedal på Fjelli i Stryn til å laga klubben av i 20 år, ikkje verst.

Det måtte bli feiring og fest av slikt!

Det starta litt ugrent, med at brannalarmen gjekk i Bygdelagshuset ein time før festen, så me måtte venta med å sleppa folk inn, men sidan gjekk det slag i slag.



Leif Inge Underdal var henta hit frå Sogn for å leia festen, ein kunst han kan. Han var forresten leiar i Sognalaget då laga vart vigde til eitt...



Eit godt kvarter over sju spela **Austrheim Musikklag** klubben inn, heit og god i lag med kålrot og kjøt på varme fat. Tone Eid og fem unge jenter og Guri Dale med henne – og eit par eldre karar, var med og serverte.



Det var to-tre omberingar, klubben var prima og folk åt godt. Ikkje minst spelmannslaget, som både hadde reist langt og skulle spela for maten. Inn imellom song me Nordfjordsongen, klubbevisa og den nokså nye fylkessongen hans Ottar Wiik – det siste gjekk berre 'så där'...

Men festlyden lever ikkje av klubb og kjøt åleine – kåseri og kultur må



til òg. Det sytte historikar og forfattar **Jon Tvinnereim** frå Randabygda for med sitt lette og ledige føredrag om heimfylket og folket der, mest nordfjordingane då. Han fekk vel fortent applaus og takk etter sin forteljekunst...

Alv Reidar Dale drog soga til laget, frå laga vart slegne saman i 1987 til no, i stutte drag. Leikarringen har laga hatt felles frå han vart skipa alt i 1954.



Dessutan tok ho **Anny Sollid** fram historia til klubbefesten i korte trekk; han har svive og gått årleg frå 1923, anna enn dei fem åra under krigen, slå den!

Det viktigaste med heile klubbefesten er sjølvstekt klubb (kumle, raspekake/-ball); den hadde den faste kjøkengjengen laga på beste vis i år også. Dei fire, **Dagfinn Aa, Astrid Fridtun, Torkjell Sollid og Oddmund Solheim**, blei kalla opp frå kjøkenet og fekk stor fagning.



Og etterpå heldt dei på med å vaska opp, rydda og gjera reint til meir enn midnatt, slikt står det respekt av!

Serveringspersonalet, **Tone Eid** og ternene hennar og Guri Dale, vart takka for god traktering av festlyden.



Programkreftene fekk også godsaker og godord til takk.



Festborda var også i år dekorerte med **Sigrund Nesdal** sine kabbar og troll og fint pynta av **Marit Haug Loen** og medhjelparar.

Ei som også fekk spesielt fortent takk, var **Anny Sollid**, primus motor for klubbefesten siste mannsalderen. Ho gjer størstedelen av jobben med å førebu festen og tek ettertraksten, i alt mange dagars arbeid, og vart gjort *keramikkrus* på for det.



I ei pause noko uti dansen vart dei gjort ære på med helsingstale og godord frå stortingsrepresentant **Frida Melvær!** Ho knytte også snora i høve dei 100 åra spelemannslaget kunne feira. Laget har spela i alle fylke i fjor og samla landet!



Litt over tida, nærare ti, var salen rydda og dansen tok til, til feiande flott og god, variert dansemusikk frå **Austrheim Musikklag**.

Og så dansa og prata folk meir frametter til vel midnatt – og me trur dei fleste var samde om at det hadde vore ein fin fest og tre gilde jubileum...

Fersk bok om gamle *Eid og Hornindalen*

Rolf Melheim har skrivne boka «Gamle Eid og Hornindal», som i fjor haust kom ut på Selja forlag i Førde.

Medlemmer i laget kan få kjøpt boka til spesialpris kr. 200,- dvs. med 40 % rabatt, frå forfattaren, sjå opplysningar. Boka har selt godt på Eid og i Hornindal

Om boka «Gamle Eid og Hornindal»: <http://eidoghornindal.wordpress.com>
Innholdsliste: <http://eidoghornindal.wordpress.com/contact/>

Rolf Melheim, Torvbakkgt. 2 C,
0550 OSLO • Tlf. +47 2238 2243
rolf.melheim@online.no

NY

KULTURHISTORISK VEGVISAR

kr. 348,-

SELJA FORLAG



FØRDEFJORDEN

Kulturhistorisk vegvisar

Førdefjorden strekkjer seg frå kysten av Sunnfjord og inn til Førde, den største byen i Sogn og Fjordane. Førdefjorden byr på dramatisk og vakker natur, så vel som levande bygder og ei rik kulturhistorie. Her er historiske stader som bergkunsten i Ausevika, herregarden på Svanøy og gjestgjevarstaden Tingneset. På sørsida ligg Heilefjellet og Blægja, 1304 moh., på nordsida Håsteinen på 964 moh. I Stongfjorden kom landets første aluminiumsverk, i Førdefjorden stod det største luftslaget under krigen, «Den svarte fredagen», og inst i fjorden har Førde etter krigen hatt ein vekst som ingen annan norsk by.

Denne boka tek lesaren med på ei reise langs Førdefjorden, frå bygd til bygd, grend til grend og gard til gard. Reisa byrjar i Førde, følgjer så fjorden på sørsida frå Førde til Stongfjorden og Stavenset, og så på nordsida til Naustdal, Vevring og Stavang. Ruta vidare går forbi bergkunstfeltet i Ausevika, Høydalane, Steinhovden og til Eikefjord. Øyane i Førdefjorden har eit eige kapittel.

Sponsorar:



STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 92 06 72 63
hilmarnum krøllalfa outlook.com

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale krøllalfa uniform.uio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj krøllalfa frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 45 00 49 33
Dagfinn Aa
aa12 krøllalfa online.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Nestleiar: Finn Stafnsnes 90 82 12 27
Fi-stafs krøllalfa online.no

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo
